



Stendal Vvs As
Blombakken 1
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1206 - 23/4094

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
08.05.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om tilknytning til kommunalt ledningsnett - avløp

Me viser til søknad motteke 04.05.23

Administrativt vedtak. Saknr: 038/2023

Tiltakshavar: Magne Sylta og Siv Norunn Fredriksen Sylta
Søknadstype: Søknad om løyve til tilkopling kommunalt avløp

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i forskrift for vatn og avlaup for Masfjorden kommune løyve til tilkopling til kommunalt avlaup for gbnr. 5/74, Giljane, på fylgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 31.03.23.
2. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er ferdig.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Det er søkt om tilknytning til kommunal avlaupsledning på gbnr. 5/74 i Giljane.

Vurdering

Der er i søknad oppgjeve at det vert søkt for fritidsbustad, det er seinare avklart at søknad gjeld heilårsbustad. Stendal VVS vert godkjent som ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande for tilkopling. Det er tidlegare i adm. vedtak 083/2017 gjeve utsleppsløyve for felles avlaupsanlegg avsett for 6 einingar i Giljane. Bustaden på gbnr. 5/74 blir tilkopla dette og det er difor ikkje naudsynt med eigen handsaming av utsleppsløyve. Det er ikkje krevd gebyr i saka, då det i utbyggingsavtalen framgår at de ikkje skal krevjast gebyr for tilkopling til avlaupsleidninga. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er ferdig.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tilkopling til kommunalt avlaupsledning jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stendal Vvs As

Blombakken 1 5911

Alversund